

NILKALK AS
Galtenesvegen 118B
5918 FREKHAUG

Dato	28.02.2022
Vår referanse	2022/11120-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrense - etablering av lagerhall - gnr. 318 bnr. 8 - Øvre Sagstad - Frekhaug - Alver kommune

Vi viser til søknad som vart vidaresendt av Alver kommune, datert 31.01.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg for etablering av ein lagerhall.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5308 Sagstadvegen for å etablere lagerhall på gnr. 318 bnr. 8 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 10.09.2021.
2. Avstanden frå lagerhallen (inkludert takutspring) til senterlina på Sagstadvegen skal vera minst 30,5 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5308.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 400 Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse mindre streng jf. Rammeplan 2021-2024.

Tiltaket vil ikkje komme nærare vegen enn eksisterande bygning på eigedomen, og vil ikkje komme i konflikt med siktliner eller bruk av fylkesvegen. Vi vurderer det difor slik at vi kan gje dispensasjon frå byggegrensa.

Dersom lagerhallen medføra meir trafikk og auka bruk av tilkomst til eigedomen må det søkast om utvida bruk av avkøyrsla til Alver kommune.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 5 KART - situasjonsplan utomhus.pdf

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4